



Gloppen kommune

Møteprotokoll

Utval	Kommunestyret
Møtestad	Kommunestyresalen
Dato	29.04.2026
Tid	Kl. 09:00 - 11:30

Følgjande medlemar møtte	Frå
Alf Erik Røyrvik	V
Anne Berit Selle	SP
Arnar Hans Kvernevik	AP
Bjørn Petter Rygg	AP
Baard Helle Bolstad	SP
Jan Ove Rygg (p)	H
Julie Kristin Lothe	SP
Karoline Aldis Bjerkeset	SP
Kristin Sælen	AP
Mariel Eikeset Koren	MDG
Marit Elisabeth Larssen	SP
Olav Klungre	KRF
Per Jarle Myklebust	SP
Per Ståle Husevåg	KRF
Ragne Mari Røed Kandal	KRF
Reidar Moldestad	H
Runar Stensaker Kleppe	H
Sjur Atle Austrheim	H
Svein Førde	AP
Tord Hafnor	MDG
Marit Aud Reikvam	AP
Ørjan Sydengen Tystad	H

Forfall/møtte ikkje	Frå	Følgjande varamedlem møtte	Frå
Anders Felde	SP	Per Rune Vereide	SP
Bernt Reed (p)	SP	Erlend Kandal	SP
Hege Lothe	SV		
Katrine Anita Heggelund	SV		
Lisbeth Stensaker	H	Ola Sundt Ravnestad	H

Andre som møtte

Anders Skipenes, kommunedirektør i alle saker
Geir Liavåg Strand, organisasjonssjef i alle saker
Knut Roger Berge Nesdal, næringssjef i sak 024/26
Per Arne Strand, kommunalsjef oppvekst i sak 033/26

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Jan Ove Rygg (p)	029/26	,	§6e 2. ledd i forvaltningslova
Runar Stensaker Kleppe	029/26	,	§6a i forvaltningslova.
Jan Ove Rygg (p)	035/26	,	§6e 2. ledd i forvaltningslova
Per Jarle Myklebust	036/26		§6e 2. ledd i forvaltningslova
Ola Sundt Ravnstad	036/26		§6e 2. ledd i forvaltningslova

Underskrifter

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
024/26	Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste
025/26	Referat og orienteringssaker
026/26	Kjernekraft i Norge? - Høyringsuttale til NOU 2026:4
027/26	Ope brev til energiministeren om energiforsyninga i Vest-Noreg
028/26	Avtalehandteringssystem
029/26	Byrkjelo Næringspark AS - Ny emisjon
030/26	Fullmakt til å representere kommunen i oppmålingsforretningar
031/26	Gapahuk på Vereide - Søknad om utsett iverksetting av vedtak
032/26	Renovering gardarobor Breim skule - investeringsmidlar
033/26	Kvalitetsmelding grunnskule 2026
034/26	Oppfølging av klimaplan, miljøsertifisering og klimarekneskap
035/26	Søknad om støtte frå Stiftinga Eidehøvdvingen - Folkevandringsgarden i Nordfjord
036/26	Gloppen Energi AS - Utgreiing av forhold knytt til fallrettane (UO etter §11.5 3. ledd delpunkt b i kommuneloven, jfr Offl §23 1. ledd)
037/26	Vedr. forlik signert 14. desember 2022 (UO etter §11.5 3. ledd delpunkt b i kommuneloven, jfr Offl §13)

024/26: Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Ordføreren si tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner møteboka frå siste møte
2. Kommunestyret godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet.

Val av to representantar til å skrive under protokollen frå møtet 18. mars 2026:

Val av to representantar til å skrive under protokoll frå dagens møte 29. april 2026:

Kommunestyret 29.04.2026:

Behandling

Val av to representantar til å skrive under protokollen frå møtet 18. mars 2026: Per Ståle Husevåg (KrF) og Marit Reikvam (Ap)

Val av to representantar til å skrive under protokoll frå dagens møte 29. april 2026: Julie Lothe (Sp) og Reidar Moldestad (H)

Tilrådinga frå ordføreren vart samrøystes vedteken.

KOM- 024/26 Vedtak

1. Kommunestyret godkjenner møteboka frå siste møte
2. Kommunestyret godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet.

Vedtaket var samrøystes.

025/26: Referat og orienteringssaker

Kommunestyret 29.04.2026:

Behandling

Møtet starta med å dele ut prisen som Årets gloppar til Torbjørn Gran.

Dagleg leiar Sigrun Espe i Kommunearkivordninga i Vestland (KAV) orienterte.

Orientering om Eidehovdingen ved varaordførar Jan Ove Rygg (H). Videosnutt.

KOM- 025/26 Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

026/26: Kjernekraft i Norge? - Høyringsuttale til NOU 2026:4

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret tek NOU 2026:4 Kjernekraft i Norge? til vitande. Gloppen sender ikkje høyringsuttale på noverande tidspunkt, men vil vurdere å slutte seg til ein eventuell felles uttale frå Fjordane IPR.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 22.04.2026

Kommunestyret tek NOU 2026:4 Kjernekraft i Norge? til vitande. Gloppen sender ikkje høyringsuttale på noverande tidspunkt, men vil vurdere å slutte seg til ein eventuell felles uttale frå Fjordane IPR. Vedtaket vart samrøystes.

Formannskapet 22.04.2026:**Behandling**

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FOR- 021/26 Vedtak

Kommunestyret tek NOU 2026:4 Kjernekraft i Norge? til vitande. Gloppen sender ikkje høyringsuttale på noverande tidspunkt, men vil vurdere å slutte seg til ein eventuell felles uttale frå Fjordane IPR. Vedtaket vart samrøystes.

Kommunestyret 29.04.2026:**Behandling**

Innstillinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteken.

KOM- 026/26 Vedtak

Kommunestyret tek NOU 2026:4 Kjernekraft i Norge? til vitande. Gloppen sender ikkje høyringsuttale på noverande tidspunkt, men vil vurdere å slutte seg til ein eventuell felles uttale frå Fjordane IPR. Vedtaket vart samrøystes.

027/26: Ope brev til energiministeren om energiforsyninga i Vest-Noreg**Kommunedirektøren si tilråding**

Kommunestyret i Gloppen vedtar at ordføraren sender eit ope brev til energiministeren om kraftforsyninga i Vest-Noreg.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 22.04.2026

Kommunestyret i Gloppen vedtar at ordføraren sender eit ope brev til energiministeren om kraftforsyninga i Vest-Noreg.

Nytt pkt. 3 F

For å motivere til ny kraftproduksjon er det avgjerande at deler av ny kraft blir reservert til bruk i den regionen utbygginga skjer.

Vedtaket vart samrøystes.

Formannskapet 22.04.2026:**Behandling**

Tillegg til brev, framlegg frå Anders Felde, Senterpartiet

Nytt pkt. 3 F

For å motivere til ny kraftproduksjon er det avgjerande at deler av ny kraft blir reservert til bruk i den regionen utbygginga skjer.

Ordføraren la fram saka.

Anders Felde (Sp) la fram sitt tilleggsforslag.

Avrøysting.

Framlegget frå Anders Felde vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå kommunedirektøren med tillegget vedteke over vart samrøystes vedteke.

FOR- 025/26 Vedtak

Kommunestyret i Gloppen vedtar at ordføraren sender eit ope brev til energiministeren om kraftforsyninga i Vest-Noreg.

Nytt pkt. 3 F

For å motivere til ny kraftproduksjon er det avgjerande at deler av ny kraft blir reservert til bruk i den regionen utbygginga skjer.

Vedtaket vart samrøystes.

Kommunestyret 29.04.2026:

Behandling

Endringsforslag - redigering av foreslått nytt punkt 3F (kulepunkt 6), framlegg frå Arnar Hans Kvernevik, Arbeidarpartiet

Redaksjonell endring 3F: Ny kraftproduksjon er avgjerande for industriutvikling og arbeidsplasser i heile Norge. Motivering til utbygging skjer best ved at deler av ny kraft blir brukt i den regionen utbygginga skjer.

Ordføraren la fram endringsforslaget sitt.

Avrøysting

Ordføraren sitt endringsforslag vart samrøystes vedteke.

Innstillinga frå Formannskapet med endringsforslaget over vart så samrøystes vedteke.

KOM- 027/26 Vedtak

Kommunestyret i Gloppen vedtar at ordføraren sender eit ope brev til energiministeren om kraftforsyninga i Vest-Noreg.

Redaksjonell endring 3F: Ny kraftproduksjon er avgjerande for industriutvikling og arbeidsplasser i heile Norge. Motivering til utbygging skjer best ved at deler av ny kraft blir brukt i den regionen utbygginga skjer.

Vedtaket vart samrøystes.

028/26: Avtalehandteringssystem

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret godkjenner at kommunedirektøren jobbar vidare med å få på plass eit system og rutinar for avtalehandtering med ein venta kostnad på inntil kr. 60 000 pr. år. Kostnaden vil bli belasta Formannskapsområdet.

Kommunedirektøren får – utan vidare politisk handsaming, fullmakt til å velje eigna løysing innanfor den økonomiske ramma som er gitt av kommunestyret.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 22.04.2026

Kommunestyret godkjenner at kommunedirektøren jobbar vidare med å få på plass eit system og rutinar for avtalehandtering med ein venta kostnad på inntil kr. 60 000 pr. år. Kostnaden vil bli belasta Formannskapsområdet.

Kommunedirektøren får – utan vidare politisk handsaming, fullmakt til å velje eigna løysing innanfor den økonomiske ramma som er gitt av kommunestyret.

Vedtaket var samrøystes.

Formannskapet 22.04.2026:

Behandling

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FOR- 022/26 Vedtak

Kommunestyret godkjenner at kommunedirektøren jobbar vidare med å få på plass eit system og rutinar for avtalehandtering med ein venta kostnad på inntil kr. 60 000 pr. år. Kostnaden vil bli belasta Formannskapsområdet.

Kommunedirektøren får – utan vidare politisk handsaming, fullmakt til å velje eigna løysing innanfor den økonomiske ramma som er gitt av kommunestyret.

Vedtaket var samrøystes.

Kommunestyret 29.04.2026:

Behandling

Innstillinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteken.

KOM- 028/26 Vedtak

Kommunestyret godkjenner at kommunedirektøren jobbar vidare med å få på plass eit system og rutinar for avtalehandtering med ein venta kostnad på inntil kr. 60 000 pr. år. Kostnaden vil bli belasta Formannskapsområdet.

Kommunedirektøren får – utan vidare politisk handsaming, fullmakt til å velje eigna løysing innanfor den økonomiske ramma som er gitt av kommunestyret.

Vedtaket var samrøystes.

029/26: Byrkjelo Næringspark AS - Ny emisjon

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret vedtek at Gloppen kommune deltek i ny emisjon i Byrkjelo Næringspark AS. Kommunen sin del av emisjonskapitalen er sett til kr. 670.000,-. Samla emisjonsbeløp vert kr. 1.970.000,-. Kommunen opprettheld med dette noverande eigardel i selskapet på 34,01 %. Emisjonskapitalen vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 22.04.2026

Kommunestyret vedtek at Gloppen kommune deltek i ny emisjon i Byrkjelo Næringspark AS. Kommunen sin del av emisjonskapitalen er sett til kr. 670.000,-. Samla emisjonsbeløp vert kr. 1.970.000,-. Kommunen opprettheld med dette noverande eigardel i selskapet på 34,01 %. Emisjonskapitalen vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.

Vedtaket var samrøystes.

Ugilde	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Jan Ove Rygg (p)		§6e 2. ledd i forvaltningslova
Runar Stensaker Kleppe		§6a i forvaltningslova.

Formannskapet 22.04.2026:

Behandling

Jan Ove Rygg (H) ba om å få vurdert sin habilitet då han sit i styret i Byrkjelo Næringspark AS. Det vart samrøyste vedteke at Jan Over var Inhabil, jfr §6e 2. ledd i forvaltningslova.

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FOR- 033/26 Vedtak

Kommunestyret vedtek at Gloppen kommune deltek i ny emisjon i Byrkjelo Næringspark AS. Kommunen sin del av emisjonskapitalen er sett til kr. 670.000,-. Samla emisjonsbeløp vert kr. 1.970.000,-. Kommunen opprettheld med dette noverande eigardel i selskapet på 34,01 %. Emisjonskapitalen vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet. Vedtaket var samrøystes.

Kommunestyret 29.04.2026:

Behandling

Jan Ove Rygg (H) tok opp sin habilitet då han er styremedlem i Byrkjelo Næringspark AS. Det var samrøyste vedteke at Jan Ove var inhabil etter forvaltningslova §6e 2. ledd.

Runar Kleppe (H) tok opp sin habilitet då han både er aksjonær og styremedlem i Byrkjelo Næringspark AS. Det vart samrøystes vedteke at Runar er inhabil etter forvaltningslova §6a. Innstillinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteken.

KOM- 029/26 Vedtak

Kommunestyret vedtek at Gloppen kommune deltek i ny emisjon i Byrkjelo Næringspark AS. Kommunen sin del av emisjonskapitalen er sett til kr. 670.000,-. Samla emisjonsbeløp vert kr. 1.970.000,-. Kommunen opprettheld med dette noverande eigardel i selskapet på 34,01 %. Emisjonskapitalen vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet. Vedtaket var samrøystes.

030/26: Fullmakt til å representere kommunen i oppmålingsforretningar

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret gir kommunedirektøren representert ved kommunalsjef for samfunn og berekraft og tenesteleiar kommunalteknikk, løyve til å:

1. Møte og representere kommunen ved oppmålingsforretningar. Vidare også løyve til å godkjenne oppmåling/merking av ny matrikkeleining på grunnlag av offentleg godkjenning, og godkjenne mindre avvik (jf. Matrikkellova § 33)
2. Løyve til å signere fråsegn om retten til fast eigedom, dersom det er stilt krav om etablering av slik rett i vedtak etter plan- og bygningslova
3. Løyve til å korrigere naudsynte rettstilhøve i samband med forretninga
4. Løyve til å inngå forlik på vegner av kommunen, ta bindande standpunkt til evt. voldgift eller grensejustering

Løyvet vert innlemma i kommunen sitt delegeringsreglement

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 22.04.2026

Kommunestyret gir kommunedirektøren representert ved kommunalsjef for samfunn og berekraft og tenesteleiar kommunalteknikk, løyve til å:

1. Møte og representere kommunen ved oppmålingsforretningar. Vidare også løyve til å godkjenne oppmåling/merking av ny matrikkeleining på grunnlag av offentleg godkjenning, og godkjenne mindre avvik (jf. Matrikkellova § 33)
2. Løyve til å signere fråsegn om retten til fast eigedom, dersom det er stilt krav om etablering av slik rett i vedtak etter plan- og bygningslova
3. Løyve til å korrigere naudsynte rettstilhøve i samband med forretninga
4. Løyve til å inngå forlik på vegner av kommunen, ta bindande standpunkt til evt. voldgift eller grensejustering

Løyvet vert innlemma i kommunen sitt delegeringsreglement.
Vedtaket var samrøystes.

Formannskapet 22.04.2026:

Behandling

Tilrådinga frå Kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FOR- 023/26 Vedtak

Kommunestyret gir kommunedirektøren representert ved kommunalsjef for samfunn og berekraft og tenesteleiar kommunalteknikk, løyve til å:

1. Møte og representere kommunen ved oppmålingsforretningar. Vidare også løyve til å godkjenne oppmåling/merking av ny matrikkeleining på grunnlag av offentleg godkjenning, og godkjenne mindre avvik (jf. Matrikkellova § 33)
2. Løyve til å signere fråsegn om retten til fast eigedom, dersom det er stilt krav om etablering av slik rett i vedtak etter plan- og bygningslova
3. Løyve til å korrigere naudsynte rettstilhøve i samband med forretninga
4. Løyve til å inngå forlik på vegner av kommunen, ta bindande standpunkt til evt. voldgift eller grensejustering

Løyvet vert innlemma i kommunen sitt delegeringsreglement.
Vedtaket var samrøystes.

Kommunestyret 29.04.2026:

Behandling

Innstillinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteken.

KOM- 030/26 Vedtak

Kommunestyret gir kommunedirektøren representert ved kommunalsjef for samfunn og berekraft og tenesteleiar kommunalteknikk, løyve til å:

1. Møte og representere kommunen ved oppmålingsforretningar. Vidare også løyve til å godkjenne oppmåling/merking av ny matrikkeleining på grunnlag av offentleg godkjenning, og godkjenne mindre avvik (jf. Matrikkellova § 33)
2. Løyve til å signere fråsegn om retten til fast eigedom, dersom det er stilt krav om

etablering av slik rett i vedtak etter plan- og bygningslova

3. Løyve til å korrigere naudsynste rettstilhøve i samband med forretninga
4. Løyve til å inngå forlik på vegner av kommunen, ta bindande standpunkt til evt. voldgift eller grensejustering

Løyvet vert innlemma i kommunen sitt delegeringsreglement.
Vedtaket var samrøystes.

031/26: Gapahuk på Vereide - Søknad om utsett iverksetting av vedtak

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret støttar Nordstranda barnehage sin søknad om utsett iverksetjing av vedtak om fjerning av gapahuk på Vereide.
Kommunestyret sender vedlagt uttale til Vestland fylkeskommune slik den ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Samfunnsutvalet - 15.04.2026

Kommunestyret støttar Nordstranda barnehage sin søknad om utsett iverksetjing av vedtak om fjerning av gapahuk på Vereide.
Kommunestyret sender vedlagt uttale til Vestland fylkeskommune slik den ligg føre.

Samrøystes vedteke

Samfunnsutvalet 15.04.2026:

Behandling

Tord Hafnor (Mdg) bad omå få vudertsnhabilitet fordi kona hans er styremedlem i barnehagen. Tord Hafnor vart samrøstes vurdert til ikkje å være innhabil.

SAMF- 024/26 Vedtak

Kommunestyret støttar Nordstranda barnehage sin søknad om utsett iverksetjing av vedtak om fjerning av gapahuk på Vereide.
Kommunestyret sender vedlagt uttale til Vestland fylkeskommune slik den ligg føre.

Samrøystes vedteke

Kommunestyret 29.04.2026:

Behandling

Innstillinga frå Samfunnsutvalet vart samrøystes vedteken.

KOM- 031/26 Vedtak

Kommunestyret støttar Nordstranda barnehage sin søknad om utsett iverksetjing av vedtak om fjerning av gapahuk på Vereide.
Kommunestyret sender vedlagt uttale til Vestland fylkeskommune slik den ligg føre.

Vedtaket var samrøystes.

032/26: Renovering garderobar Breim skule - investeringsmidlar

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret prioriterer at renovering og universell utforming av garderobane på Breim skule/Byrkjelo stadion kjem inn på lista over anlegg til spelemiddelordninga i 2026, og gjev kommunedirektøren fullmakt til å finansiere anlegget over investeringsbudsjettet i 2026 med inntil 1,3 mill. ekstra i totalramma, og forskottere nødvendig beløp til spelemidlane vert utbetalt. Kommunedirektøren skal kome tilbake til dette i revidert investeringsbudsjett for 2026.

Vedtak som innstilling frå Helse- og oppvekstutvalet - 15.04.2026

Helse- og oppvekstutvalet støttar kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret prioriterer at renovering og universell utforming av garderobane på Breim skule/Byrkjelo stadion kjem inn på lista over anlegg til spelemiddelordninga i 2026, og gjev kommunedirektøren fullmakt til å finansiere anlegget over investeringsbudsjettet i 2026 med inntil 1,3 mill. ekstra i totalramma, og forskottere nødvendig beløp til spelemidlane vert utbetalt. Kommunedirektøren skal kome tilbake til dette i revidert investeringsbudsjett for 2026.

Vedtak samrøystes.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 22.04.2026

Kommunestyret prioriterer at renovering og universell utforming av garderobane på Breim skule/Byrkjelo stadion kjem inn på lista over anlegg til spelemiddelordninga i 2026, og gjev kommunedirektøren fullmakt til å finansiere anlegget over investeringsbudsjettet i 2026 med inntil 1,3 mill. ekstra i totalramma, og forskottere nødvendig beløp til spelemidlane vert utbetalt.

Kommunedirektøren skal kome tilbake til dette i revidert investeringsbudsjett for 2026.

Vedtaket var samrøystes.

Helse- og oppvekstutvalet 15.04.2026:

Behandling

HEOP- 020/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet støttar kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret prioriterer at renovering og universell utforming av garderobane på Breim skule/Byrkjelo stadion kjem inn på lista over anlegg til spelemiddelordninga i 2026, og gjev kommunedirektøren fullmakt til å finansiere anlegget over investeringsbudsjettet i 2026 med inntil 1,3 mill. ekstra i totalramma, og forskottere nødvendig beløp til spelemidlane vert utbetalt. Kommunedirektøren skal kome tilbake til dette i revidert investeringsbudsjett for 2026.

Vedtak samrøystes.

Samfunnsutvalet 15.04.2026:

Behandling

SAMF- 021/26 Vedtak

Kommunestyret prioriterer at renovering og universell utforming av garderobane på Breim skule/Byrkjelo stadion kjem inn på lista over anlegg til spelemiddelordninga i 2026, og gjev kommunedirektøren fullmakt til å finansiere anlegget over investeringsbudsjettet i 2026 med inntil 1,3 mill. ekstra i totalramma, og forskottere nødvendig beløp til spelemidlane vert utbetalt. Kommunedirektøren skal kome tilbake til dette i revidert investeringsbudsjett for 2026.

Samrøystes vedteke

Formannskapet 22.04.2026:

Behandling

Innstillinga frå Helse- og oppvekstutvalet vart samrøystes vedteken.

FOR- 027/26 Vedtak

Kommunestyret prioriterer at renovering og universell utforming av garderobane på Breim skule/Byrkjelo stadion kjem inn på lista over anlegg til spelemiddelordninga i 2026, og gjev kommunedirektøren fullmakt til å finansiere anlegget over investeringsbudsjettet i 2026 med inntil 1,3 mill. ekstra i totalramma, og forskottere nødvendig beløp til spelemidlane vert utbetalt.

Kommunedirektøren skal kome tilbake til dette i revidert investeringsbudsjett for 2026.

Vedtaket var samrøystes.

Kommunestyret 29.04.2026:

Behandling

Innstillinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteken.

KOM- 032/26 Vedtak

Kommunestyret prioriterer at renovering og universell utforming av garderobane på Breim skule/Byrkjelo stadion kjem inn på lista over anlegg til spelemiddelordninga i 2026, og gjev kommunedirektøren fullmakt til å finansiere anlegget over investeringsbudsjettet i 2026 med inntil 1,3 mill. ekstra i totalramma, og forskottere nødvendig beløp til spelemidlane vert utbetalt.

Kommunedirektøren skal kome tilbake til dette i revidert investeringsbudsjett for 2026.

Vedtaket var samrøystes.

033/26: Kvalitetsmelding grunnskule 2026

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret tek saka til orientering.

Vedtak som innstilling frå Helse- og oppvekstutvalet - 15.04.2026

Helse-og oppvekstutvalet støttar kommunedirektøren s tilråding:

Kommunestyret tek saka til orientering.

Vedtak samrøystes.

Helse- og oppvekstutvalet 15.04.2026:

Behandling

Kommunalsjef oppvekst orienterte om kvalitetsmeldinga.

Meldinga vart drøfta

HEOP- 022/26 Vedtak

Helse-og oppvekstutvalet støttar kommunedirektøren s tilråding:
Kommunestyret tek saka til orientering.
Vedtak samrøystes.

Kommunestyret 29.04.2026:

Behandling

Innstillinga frå Helse- og oppvekstutvalet vart samrøystes vedteken.

KOM- 033/26 Vedtak

Kommunestyret tek saka til orientering.
Vedtaket var samrøystes.

034/26: Oppfølging av klimaplan, miljøsertifisering og klimarekneskap

Kommunedirektøren si tilråding

1. Kommunestyret tek status for oppfølging av kommunedelplan for klima og miljø 2024-2030 til vitande.
2. Kommunestyret tek status for Miljøfyrtårnsertifisering av Gloppen kommune til vitande.
3. Kommunestyret tek klimarekneskap for Gloppen si kommunale verksemd for 2025 til vitande.

Vedtak som innstilling frå Samfunnsutvalet - 15.04.2026

Kommunestyret tek status for oppfølging av kommunedelplan for klima og miljø 2024-2030 til vitande.

1. Kommunestyret tek status for Miljøfyrtårnsertifisering av Gloppen kommune til vitande.
2. Kommunestyret tek klimarekneskap for Gloppen si kommunale verksemd for 2025 til vitande

Samrøystes vedteke

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 22.04.2026

1. Kommunestyret tek status for oppfølging av kommunedelplan for klima og miljø 2024-2030 til vitande.
2. Kommunestyret tek status for Miljøfyrtårnsertifisering av Gloppen kommune til vitande.
3. Kommunestyret tek klimarekneskap for Gloppen si kommunale verksemd for 2025 til vitande

Vedtaket var samrøystes.

Samfunnsutvalet 15.04.2026:

Behandling

SAMF- 020/26 Vedtak

Kommunestyret tek status for oppfølging av kommunedelplan for klima og miljø 2024-2030 til vitande.

1. Kommunestyret tek status for Miljøfyrtårnsertifisering av Gloppen kommune til vitande.

2. Kommunestyret tek klimarekneskap for Gloppen si kommunale verksemd for 2025 til vitande

Samrøystes vedteke

Formannskapet 22.04.2026:

Behandling

Innstillinga frå Samfunnsutvalet vart samrøystes vedteke.

FOR- 026/26 Vedtak

1. Kommunestyret tek status for oppfølging av kommunedelplan for klima og miljø 2024-2030 til vitande.
 2. Kommunestyret tek status for Miljøfyrtårnsertifisering av Gloppen kommune til vitande.
 3. Kommunestyret tek klimarekneskap for Gloppen si kommunale verksemd for 2025 til vitande
- Vedtaket var samrøystes.

Kommunestyret 29.04.2026:

Behandling

Innstillinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteken.

KOM- 034/26 Vedtak

1. Kommunestyret tek status for oppfølging av kommunedelplan for klima og miljø 2024-2030 til vitande.
 2. Kommunestyret tek status for Miljøfyrtårnsertifisering av Gloppen kommune til vitande.
 3. Kommunestyret tek klimarekneskap for Gloppen si kommunale verksemd for 2025 til vitande
- Vedtaket var samrøystes.

035/26: Søknad om støtte frå Stiftinga Eidehovdingen - Folkevandringsgarden i Nordfjord

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret vil vurdere søknaden frå Stiftinga Eidehovdingen i samband med revidert budsjett.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 22.04.2026

Kommunestyret vil vurdere søknaden frå Stiftinga Eidehovdingen i samband med revidert budsjett. Vedtaket var samrøystes.

Ugilde	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Jan Ove Rygg (p)		§6e 2. ledd i forvaltningslova

Formannskapet 22.04.2026:

Behandling

Jan Ove Rygg (H) tok opp sin habilitet då han er styreleiar for Stiftinga. Det vart samrøystes vedteke at Jan Ove var ugild etter §6e 2. ledd i forvaltningslova.

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FOR- 028/26 Vedtak

Kommunestyret vil vurdere søknaden frå Stiftinga Eidehovdingen i samband med revidert budsjett. Vedtaket var samrøystes.

Kommunestyret 29.04.2026:

Behandling

Jan Ove Rygg (H) ba om å vurdert sin habilitet då han er styreleiar i Stiftinga. Det vart samrøystes vedteke at Jan Ove var inhabil etter §6e 2. ledd i forvaltningsloven. Innstillinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteken.

KOM- 035/26 Vedtak

Kommunestyret vil vurdere søknaden frå Stiftinga Eidehovdingen i samband med revidert budsjett. Vedtaket var samrøystes.

036/26: Gloppen Energi AS - Utreiing av forhold knytt til fallrettane

Kommunestyret 29.04.2026:

Behandling

Per Jarle Myklebust (Sp) tok opp sin habilitet då han er styreleiar for Gloppen Energi as. Det vart samrøystes vedteke at Per Jarle var ugild etter §6e 2. ledd i forvaltningslova.

Ola Sundt Ravnstad (H) tok opp sin habilitet då han er styremedlem i Gloppen Energi AS. Det vart samrøystes vedteke at Ola var ugild etter §6e 2. ledd i forvaltningslova.

Per Rune Vereide (Sp) la fram forslag om å utsette saka og dette vart samrøystes vedteke.

KOM- 036/26 Vedtak

Saka vert utsett.

Vedtaket var samrøystes.